

Representanten **Per Jarle Valvatne** har sendt inn følgende spørsmål:

«På Juvikflaten langs Fv 562 på Askøy har både bebuarar og næringsliv over lang tid hatt utfordringar med å komme ut på fylkesvegen grunna høg trafikk. Kva tiltak kan være aktuelle for å betre framkomsten for dei som nyttar krysset samstundes som ein tek vare på trafikkflyten på fylkesvegen?»

Svar frå fylkesdirektør for infrastruktur og veg:

På grunn av avviklingsproblem på Juvikflaten vart det i 2016 utarbeidd ein trafikkanalyse av strekninga og dei to kryssa Juvikflaten (Fv. 562/Kv. 1244) og Horsøykrysset (Fv. 562/Fv. 5258). Hovudutfordringa med trafikkavviklinga var kapasitet på sideveg. På grunn av stor trafikk på hovudvegen i begge retningar var det svært begrensa kapasitet for venstresving frå sideveg. Dette medførte oppbygging av kø og forseinkingar frå sideveg, primært i ettermiddagsrushet. I trafikkanalysen blei to alternative prinsippøysingar vurdert, signalregulering og rundkøyning i dei to kryssa.

Lysregulering har dårlegare kapasitet ved auka trafikk, og auka kapasitet på sideveg medfører redusert kapasitet i hovudvegen. Konklusjonen frå analysen er at ombygging til rundkøyning vil vera det beste tiltaket for betre framkome og for trafikktryggleiken i dei to kryssa.

Statens vegvesen utarbeidde ein kapasitetsanalyse av desse kryssa i 2017 med bakgrunn i utbygging av Horsøyvegen og stor auke i arbeidsplassar på Horsøy. Hovudkonklusjonen er at både rundkøyning og lysregulering er mogeleg, alt etter kva trafikkstraumar som skal få prioritet i kryssa. Analysen vurderer at signalregulering vil best kunne prioritera fv. 562 som også har ein viktig funksjon for kollektivtrafikken på Askøy.

Dette viser at det er en kompleks samanheng mellom dei to kryssa, og det meste er avhengig av kva som skjer med utbygginga på Horsøy. Når det gjeld utbygginga på Horsøy blir det vist til fylkestingssak (i Hordaland) PS 110/2016 om oppgradering av vegen fram til næringsarealet på Horsøy.

Fv. 562 Juvikflaten er ikkje eit prioritert prosjekt i Askøypakken. Ingen tiltak har såleis finansiering pr no. Så langt fylkesdirektør for infrastruktur og veg kjenner til, er det heller ikkje starta opp eit arbeid for å få planavklart aktuelle tiltak på Juvikflaten.